



KVINNHERAD
KOMMUNE

Områderegulering for Sunde tettstad

Planprogram

21.09.2020



Oppdragsgjevar: Kvinnherad kommune
Prosjektleder i kommunen: Anne-Lise Næs
Rådgjevar: Norconsult
Oppdragsleder: Mona Hermansen
Fagansvarleg: Mona Hermansen
Andre nøkkelpersonar: Aashild Lauvsnes Øren, Siri Sandtorv Heimark

03	2020-09-10	Planprogram revidert etter offentlig ettersyn	Moher	Alor	Moher
02	2019-11-29	Planprogram etter gjennomsyn kommunen	MoHer	Alor	Moher
01	2019-11-04	Planprogram	Moher	Alor	Moher
Versjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

► Innhold

1	Innleiing	5
2	Bakgrunn og føremål med planen	6
2.1	Lokalisering	6
2.2	Bakgrunn	7
2.3	Hovudmål	7
3	Kort om Sunde	8
4	Planavgrensning	9
5	Plangrunnlag	10
5.1	Statlege planretningslinjer/ Rikspolitiske retningslinjer	10
5.2	Regionale planar	12
5.3	Kommuneplanen sin arealdel	12
5.4	Kommuneplanen sin samfunnsdel	14
5.5	Ulike kommunale temaplanar og rapportar	15
5.6	Reguleringsplanar	18
6	Status og utfordringar	19
6.1	Stadutvikling og stadstruktur	19
6.2	Kulturminne	22
6.3	Grønstruktur	24
6.4	Naturmangfald	25
6.5	Naturressursar	27
6.6	Mobilitet (veg, sykkel og gongvegssystem, kollektiv, parkering)	29
6.6.1	<i>Vegsystem</i>	29
6.6.2	<i>Kollektivtrafikk</i>	31
7	Folkemøte og barnetråkk	33
7.1	Folkemøte	33
7.2	Barnetråkkregistrering	34
8	Plan- og utgreiingsalternativ – moglegheitstudie	36
8.1	Innleiing	36
8.2	Ulike utviklingsscenario som skal utgreiast	37
8.2.1	<i>Utgangspunkt</i>	37
8.2.2	<i>Ulike utviklingsscenario</i>	38

8.3	Ulike tema som skal sjåast på i planarbeidet	43
9	Gjennomføring og parallelle prosessar	44
10	Utgreiingstema	45
10.1	Utgreiingstema	45
10.2	Metode	46
11	Framdriftsplan og medverknad	50

1 Innleiing

Det vert med dette lagt fram forslag til planprogram for utarbeiding av områderegulering med konsekvensutgreiing for Sunde i Kvinnherad kommune.

Kvinnherad kommune vurderer det slik at forslag til områderegulering for Sunde er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar (KU):

- Jf. forskrift om KU § 2 d skal det utarbeidast konsekvensutgreiing for "*områdereguleringer og detaljreguleringer på mer enn 15 dekar, som omfatter nye område til utbyggingsformål.*" Det kan ikkje utelukkast at planforslaget vil innehalde nye område til utbyggingsformål (nye område er her antatt å gjelde område utover det kommuneplanen viser). Det skal blant anna sjåast på utfylling i sjø.
- Jf. forskrift om KU § 2 e skal det utarbeidast konsekvensutgreiingar for områdereguleringar som fastsett rammer for tiltak i vedlegg I og vedlegg II. Her er det særleg følgjande som vil/kan slå ut:
 - Vedlegg I, pkt 1: "*Industrianlegg, næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på mer enn 15 000 m² eller som omfatter et planområde på mer enn 15 dekar*". Næring og offentlig og privat tenesteyting er formål som vil inngå i planen og planområdet er større enn 15 dekar.
 - Vedlegg II, pkt 10 b) "*Utviklingsprosjekter for by- og tettstedsområder*". Dette er et utviklingsprosjekt for tettstaden Sunde.

Etter pbl § 4-1 skal planar som er omfatta av forskrifta starte opp med utarbeiding av eit planprogram. Etter pbl § 4-1 skal planprogrammet gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar og opplegget for medverknad, kva alternativ som vil bli vurdert og behov for utgreiingar.

Forslag til planprogram vart lagt ut til offentlig ettersyn, samstundes med varsel om oppstart av planarbeidet, frå 28.04.20 til 19.06.20. Det kom inn 9 uttaler frå offentlege høyringsinstansar og 21 merknader frå private organisasjonar, lag og privatpersonar. Desse er referert og kommentert i eige vedlegg.

Planprogrammet er revidert i kap 5, 6 og 10 på bakgrunn av uttalene og merknadene. Framdriftsplanen i kap 11 er og revidert.

Det fastsette planprogrammet vil gje grunnlag for det vidare arbeidet med områdeplanen.

2 Bakgrunn og føremål med planen

2.1 Lokalisering



Figur 1: Oversiktskart

Sunde ligg vest i Kvinnherad kommune, like ved regionsenteret Husnes. Det er ca 40 min kjøring til kommunesenteret Rosendal.

2.2 Bakgrunn

Sunde har ei rik historie og var ein gong ein svært aktiv tettstad. På 1800-talet var Sunde den mest folkerike staden i Sunnhordland og staden var òg svært aktiv utover på 1900-talet. Staden

var eit trafikknutepunkt for båt/ ferjetrafikk i Sunnhordland og etablering av hermetikkindustri i bygda fekk mykje å seie for utviklinga. Her var fleire bakarar og fleire slaktarar, klesbutikk m. v. Ei oversikt frå 1950-talet viser at det var 25 verksemder på Sunde (Kjelde: Kvinnhersminne- årbok XIII).

Sunde har framleis mykje av den karakteristiske bygningsmassen og kulturmiljøet, men ber i dag i stor grad preg av å vere ein bustadforstad til Husnes. Det er ei stor næringsverksemd i bygda (Vikingfjord AS), nokre mindre industriverksemd, skule, barnehage og ei småbåthamn, men elles er arealbruken i stor grad dominert av bustader. Daglegvarebutikken er òg nedlagt og omgjort til bustader. Dette gjer at ein ikkje kan få gjort sine daglege gjeremål utan å forlate bygda og det er få møteplassar for innbyggjarane. Bygda har òg relativt store trafikale utfordringar blant anna knytt til skulevegane.

Utarbeiding av områderegulering for Sunde er del av planoppgåvene i kommunen sin Planstrategi for valperioden 2015-2019 av 26.5.2016. Kommunestyret har elles vedteke å øymerke midlar av Havbruksfondet til områdeplanar for Rosendal og Sunde, samstundes som dei bad om gjennomføring av desse planarbeida i 2019.

Føringar for arbeidet med områderegulering er gjeve i planstrategien, og desse er mellom anna:

- I og nær tettstadane skal utbygging skje etter vedtekne reguleringsplanar.
- Areal- og transportplanlegging skal i større grad skal nytte kollektivaksar som premiss.
- Gang- og sykkelvegnettet bør styrkast
- Ladestasjonar og annan tilrettelegging for klimavenleg bilisme skal vektleggjast.
- Fokus på kunnskapsgrunnlaget og tidleg medverknad frå partar, innbyggjarar, organisasjonar og relevante styresmakter.

Som oppfølging av det siste punktet er det gjennomført følgande:

1. Idéverkstad på Sunde den 4.juni. Ålmenta var invitert og organisasjonar og næringsdrivande på Sunde var særleg oppmoda om å kome. Fokus var både på utvikling og vern av Sunde.
2. Barnetråkk på Sunde skule den 5.juni. I tillegg til å få fram kva bruk barna har av Sunde i dag vart det og stilt spørsmål om ønskjer for framtida.
3. Det er danna ei referansegruppe for planen med representantar frå Sunde Grendalag, Sunde kyst- og litteratursenter, FAU på Sunde skule og FAU på Sunde barnehage. Innhaldet i dette planprogrammet er drøfta med referansegruppa, med særleg fokus på plan- og utgreiingsalternativa.

2.3 Hovudmål

Hovudmålet med planarbeidet er:

«Sunde skal vidareutviklast som ein attraktivt tettstad. Kollektivaksar og gang- og sykkelvegnettet skal forbeholdast. Ein skal ta vare på og vidareutvikle alle dei særkvalitetar som Sunde har. Uterom og offentleg rom skal ha høg kvalitet».

3 Kort om Sunde

På Sunde finn ein oppvekstssenter med skule og barnehage, Sunde båthamn og Kyst og litteratursenteret Bergslagen. Ein finn òg ei stor industriverksemd, Vikingfjord (laksepakkeri), og nokre mindre industriverksemdar.

Sundsvegen går gjennom tettstaden frå Opsangervegen i aust. Etter å passert Nesjaneset, Vikingfjord og brua fortsett Sundsvågen vidare nordover på austsida av Sundsvågen. Brua og vegen på vestsida av denne er den kommunale vegen Vågsvegen.



Figur 2: Nokre viktige område og vegar på Sunde


Ut frå eit historisk perspektiv kan sentrum av Sunde i hovudsak definerast som området langs Sundsvegen frå Nesjaneset og nordover til avkøyring mot skulen. Bergslagen på andre sida av brua kan òg seiast å vere ein del av sentrum. I planprogrammet er det dette som er lagt til grunn. I planarbeidet vil det sjåast nærare på avgrensing av eit sentrumsområde.

4 Planavgrensning

Det vert varsla om oppstart på eit planområde som omfattar sentrum av Sunde og tilgrensande bustadområde. I tillegg er Sundsvegen austover heilt fram til krysset mellom fv 44 og fv 544 samt den kommunale vegen Slettestølsvegen tatt med. Dette for å kunne vurdere utbetring av desse vegane, særleg knytt til mjuke trafikantar.

Hovudfokus for planen er dei allmenne interessene knytt til fellesfunksjonane i sentrum/ rundt skulen samt trafikksikring. For at ikkje planen skal bli for omfattande er det difor valt å ikkje ta med bustadområda rundt Slettestølsvegen. Dette området er stort sett ferdig utbygd og gjeldande reguleringsplan fungerer relativt godt.

Plangrensa kan bli innsnevra i løpet av planprosessen. Eventuelle utvidingar vil bli varsla.



Figur 3: Planavgrensning (svart stipla linje) vist med kommuneplanen sin arealdel som bakgrunn

5 Plangrunnlag

5.1 Statlege planretningslinjer/ Rikspolitiske retningslinjer

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er difor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (Fastsatt ved kgl. res av 26.09.2014, jf. pbl av 27.juni 2008, §6-2):

Føremålet med retningslinjene er å oppnå samordning av bustad-, areal- og transportplanlegginga og bidra til meir effektive planprosessar. Retningslinjene skal bidra til eit godt og produktivt samspel mellom kommunar, stat og utbyggjarar for å sikre god stad- og byutvikling.

Nokre relevante retningslinjer for denne reguleringsplanen er:

- Pkt 4.2: «*Utbyggingsmønster og transportsystem må samordnes for å oppnå effektive løysningar, og slik at transportbehovet kan begrenses og det legges til rette for klima- og miljøvennlige løysningar*».
- Utdrag av pkt 4.3: «*I by- og tettstedsområder...bør det legges særleg vekt på høyt arealutnyttelse, fortetting og transformasjon... Potensialet for fortetting og transformasjon bør utnyttast før nye utbyggingsområder tas i bruk. Nye utbyggingsområder bør styres mot sentrumsnære områder med mulighet for utbygging med mindre arealkonflikter. Utvikling av nye, større boligområder må sees i sammenheng med behovet for infrastruktur. Det er nødvendig å ta vare på god matjord, men jordvernet må balanseres mot storsamfunnets behov*».
- Utdrag av pkt 4.4: "*Planleggingen skal bidra til å styrke sykkel og gange som transportform*".
- Pkt 4.5: «*Det skal legges til rette for at handelsvirksomhet og andre offentlige tjenestetilbud kan lokaliseres ut fra en lokal helhetsvurdering tilpasset eksisterende og planlagt senterstruktur og kollektivknutepunkter...*».
- Utdrag av pkt 4.6: «*Effektiv og sikker trafikkavvikling og god framkommelighet for næringstransport må vektlegges i planleggingen*».
- Pkt 4.7: "*I planleggingen skal det tas hensyn til overordnet grønnstruktur, forsvarlig overvannshåndtering, viktig naturmangfold, god matjord, kulturhistoriske verdier og estetiske kvaliteter. Kulturminner og kulturmiljøer bør tas aktivt i bruk som ressurser i by- og tettstedsutviklingen*".
- Pkt 4.8: "*Planleggingen skal ta høyde for universell utforming og tilgjengelighet for alle, og ta hensyn til den delen av befolkningen som har lav mobilitet*".

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga:

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesse i planlegginga skal:

- Synleggjere og styrke barn og unge sine interesse i all planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova.
- Gje kommunane betre grunnlag for å integrere og ivareta interessene til barn og unge i sin planlegging og byggesakshandsaming.
- Gje eit grunnlag for å vurdere saker der barn og unge sine interesse kjem i konflikt med andre omsyn/interesse.

I retningslinjene blir det stilt ei rekke krav til den kommunale planprosessen og til fysisk utforming av anlegg som skal brukast/ er i bruk av barn og unge. Ei sentral retningsline er 5d som seier at ved omdisponering av areal som er i bruk eller egna for leik skal det skaffast fullverdig erstatning.

Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing

Kommunane skal gjennom planlegginga stimulere til, og bidra til reduksjon av klimagassutslipp, samt auka miljøvennleg energiomlegging. Planlegginga skal og bidra til at samfunnet forberedast på og tilpassast klimaendringane (klimatilpassing).

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen

Kvinnherad er definert som eit område med mindre press på areala i strandsona. I 100 meters beltet langs sjøen gjeld blant anna følgjande retningslinjer (nedkorta):

- Utbygging bør så langt som mogeleg lokaliserast til område som er bygd ned fra før, slik at ein får mest mogeleg konsentrert utbygging.
- Spørsmålet om bygging skal vurderast i høve til andre allmenne interesse. Alternative plasseringar bør vurderast og veljast dersom det er mogeleg.
- I område der alt tilgjengeleg utbyggingsareal ligg innafor 100-metersbeltet vil kommunen ha vidare tilgang til å tillate tiltak for å ivareta omsynet til en fornuftig samfunnsutvikling. Det skal då leggast vekt på om omsynet til tilgjenge for ålmenta kan ivaretakast ved at det eksempelvis vert sett av areal til kyststi, friluftsområde eller liknande.
- Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, for eksempel satsing på reiseliv og turisme, skal tilleggast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Desse omsyna må vegast opp mot omsynet til dei allmenne interessene. Vurderinga vil være avhengig av kva type tiltak det gjeld. Det kan være grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som til dømes brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsbygg.
- Muligheita for fritidsfiske gjennom å tillate oppføring av naust og brygge skal og tilleggast vekt. Desse omsyna må vegast opp mot omsynet til dei allmenne interessene, og mulighetene for felles brygger og naust bør og vurderast.

I by- og tettstadsområde skal behovet for fortetting og byutvikling tilleggast vekt. Areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast føre areal til fritidsbustader.

5.2 Regionale planar

Aktuelle regionale planar er:

- Regional plan for attraktive senter i Hordaland
- Regional plan for folkehelse
- Regional kulturplan for Hordaland
- Regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger
- Regional transportplan Hordaland
- Regional næringsplan
- Regional plan for klima og energi

I Fylkesdelplan for attraktive sentra i Hordaland er det blant anna satt fylgjande mål og delmål:

Overordna mål:

Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i


Delmål:

- Sentrum skal ha god balanse mellom handel, private og offentlege tenester, kulturtilbod og bustader
- Sentrumsområdet skal vere tett utbygd innanfor ein gangbar kjerne
- Sentrumsutvikling skal byggje på stadens historie, særprege og landskapstrekk
- Sentrum skal ha høg arkitektonisk kvalitet og inkluderande møteplassar
- Sentrum skal ha gode parkar, leikeplassar og allment tilgjengeleg areal for fysisk aktivitet

5.3 Kommuneplanen sin arealdel

Ny arealdel til kommuneplanen er under utarbeiding og ein vil samkøyre arbeidet med områdereguleringssplanen med denne og vice versa. Dei raude trådane i det nye kommuneplanarbeidet er «Attraktiv, grøn og frisk» og dette vil ein òg ta med seg i arbeidet med områdereguleringa for Sunde.

Gjeldande arealdel for Kvinnherad kommune vart vedteken av kommunestyret 22.03.2018. I gjeldande kommuneplan (KPA) er areala i «sentrum» av Sunde vist som næring, sjå fig. 4. Områda på nordsida av brua, ut mot sjøen, på begge sider, er vist som «Andre bygningar og anlegg»- naust. Elles er areala innafør planavgrensinga i stor grad vist med den bruken dei har i dag eller det dei er regulert til i gjeldande reguleringsplanar. Det er sett av eit nytt bustadområde innafør planavgrensinga, i vestre del (mørkegult område)- område B09-01.



Figur 4: Plangrensa vist på utsnitt av kommuneplanens arealdel

Kommuneplanen sin arealdel (tekstdelen) peikar ut Rosendal som kommunesenter og administrasjonssenter medan Husnes, som er den største tettstaden i kommunen, er hovudsenter med regionale funksjonar (regionsenter). Sunde er eitt av fire lokalsenter i kommunen (dei andre er Uskedalen, Valen og Sæbøvik). I tillegg er det peika ut 12 nærssentrum. Definisjonen i KPA er som følgjer:

«Eit lokalsenter er eit lokalt senter for handel, tenester m.v. dimensjonert for eit større lokalområde i ein kommune, medan eit nærsenter er eit mindre senter med opp til 3000 m² samla bruksareal for detaljhandel».

Om forholdet Husnes/ Sunde/ Valen står det:

I og ved Husnes ønskjer kommunen å planleggja med sterke sentrumsqualitetar, gode tenestetilbod for heile Kvinnherad, tenleg infrastruktur og gode kommunikasjonar. Området Husnes/Sunde/Valen skal sjåast i samanheng ved planlegging av bustadområde, arbeidsplassintensive område og transportløysingar.

5.4 Kommuneplanen sin samfunnsdel

Ny samfunnsdel til kommuneplanen er under utarbeiding og ein vil samkøyre arbeidet med områdereguleringa med denne og vice versa. Hovudmålsettinga i gjeldande samfunnsdel er:

«I Kvinnherad vil vi stimulera til engasjement, ansvarskjensle og optimisme for at heile kommunen skal vera god å bu, arbeida og feriera i. Kommunen sine oppgåver vil vi løysa så nær brukarane som mogeleg».

Når det gjeld ulike tema er det sett ulike målsetjingar. Her trekker vi fram dei mest relevante for utviklinga av Sunde:

- **Identitet:** *«I Kvinnherad vil vi skapa god livskvalitet for alle ved å løfta fram det kulturelle mangfaldet, kommunen sin særegne natur og identiteten knytt til dei mange levande småsamfunna».*
- **Kommunestruktur/ senterstruktur** *«I Kvinnherad vil vi vidareutvikla ein senterstruktur som m.a. byggjer på:*
 - *Husnes som hovudsenter i kommunen, regionsenter for idrett og lokaliseringsstad for andre regionale funksjonar.*
 - *Rosendal som nasjonalt satsingsområde for reiseliv, kultur og natur. Hovudadministrasjonen skal og vere i Rosendal.*
 - *I Kvinnherad vil vi vidare stimulera og styrkja utviklinga av levande bygdemiljø og bærekraftige lokalsamfunn prega av mangfald, tryggleik og trivsel».*
- **Næringsliv:** *«Kvinnherad kommune skal i samarbeid med næringslivet, einskildpersonar, organisasjonar, fylke og stat hjelpa til med å utvikla eit mest mogleg allsidig og lønsamt næringsliv».*
- **Levekår:** *«I Kvinnherad vil vi arbeida for å skapa engasjement og ansvarleggjera menneske i nærmiljøet».*
- **Miljø- og naturforvaltning:** *Kvinnherad kommune skal i samarbeid med innbyggjarane og næringslivet styrkja innsatsen for ei økologisk og økonomisk forsvarleg miljø- og ressursforvaltning som kan fremja utvikling av berekraftige lokalsamfunn.*
- **Busetnad:** *Kvinnherad vil føra ein bustadpolitikk som opprettheld balansen i folketalsutviklinga i kommunen og som styrkjer dei noverande bygdesentra.*
- **Arealforvaltning:** *Kvinnherad legg ein opp til ei arealutvikling der utnytting av naturressursane skal balanserast opp mot ivaretaking av på dei ikkje fornybare ressursane, dei historiske verdiane og det biologiske mangfaldet.*

5.5 Ulike kommunale temaplanar og rapportar


Kommunedelplan Trafikksikring (2012)

Frå trafikksikringsplanen – vedlegg 1: Ulykker og utryggleik:

Grønstøl - Sunde - Opsanger	Fv 44	Strekningen Grønstøl-Sunde- Opsanger	Generelt dårleg vegutforming, for høg fart. Forslag om humper og 30- sone (Sunde-Opsanger)
Røyrvik / Bjelland, Sunde	Fv 45	Røyrvik-Våge-Bjelland-Sunde	Smal veg, skuleveg. Forslag om fortau, vegljøs
Sunde	Kv 1148	Slettestølen - skulen	Dårleg vegutforming, forslag om vegljøs
Sunde	Fv 44	Sunde sentrum	Dårleg (smal) veg, problematisk for tunge kjøretøy, dels uoversiktleg. Foreslår fartsreduserande tiltak

Frå trafikksikringsplanen – vedlegg 2: Tiltak

OMTALE AV TRAFIKKSIKRINGSTILTAK		19
Kategori	GS-veg, fortau mm	
Stad	LK09 Slettestølen - Sunde skule	
Veg-ID	KV. 1148 hp 1 m 187	
Tiltak	Sikring av skuleveg frå Slettestølen og fram til Sunde skule	
Grunngjeving	Gangtrafikk. Bratt og dårleg veg, ny veg planlagt	
Stipulert kost	1 434 577	



Figur 5: Utklipp frå trafikksikringsplan

OMTALE AV TRAFIKKSIKRINGSTILTAK		13
Kategori	GS-veg, fortau mm	
Stad	LF06 Sunde - Opsanger	
Veg-ID	FV. 44 hp 1 m 6819	
Tiltak	Gang-/ sykkelveg Sunde - Opsanger	
Grunngeving	Stor gangtrafikk. Smal, uoversikleg veg. Mindre utbetring kryss Opsanger bru ved samankopling med eksisterande GS-veg	
Stipulert kost	11 256 000	



Figur 6: Utklipp frå trafikkisikringsplan

Det ligg og inne eit tiltak om forbod mot gjennomkøyring, Jonavegen. Dette er gjennomført så det tek vi ikkje med her.

I skulebruksplanen frå 2016 er det gjort ei vurdering av relevans for tiltaka i trafikkisikringsplanen knytt til skuleveg (liten, middels, stor). Alle tiltaka på Sunde er her markert med stor relevans.

KDP Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2022

Under statusskildringa for idrett kjem det fram kva klubbar/ lag som nyttar gymsalen på Sunde skule (status pr 2014):

- Husnes karateklubb har 28 medlemmar. Dei arrangerer karatetrening for born og vaksne. Klubben held til i gymnastikksalen på Sunde skule.
- Kvinnherad badmintonklubb har 47 medlemmar. Dei tilbyr badmintontrening for folk i alle aldrar. Dei held til i Husneshallen og i Sunde gymnastikksal.
- Idrettslaget Trio er idrettslag for bygdene Husnes, Sunde og Valen. Laget har om lag 850 medlemmer. IL Trio tilbyr aktivitetar som fotball, friidrett, symjing, turn og volleyball. Idrettslaget nyttar Husneshallen, gymnastikksalen på Undarheim skule, Kvednabekken kunstgrasbane, Husnes stadion og gymnastikksalane på Sunde og Valen

Det kjem òg fram at det er eit klatreanlegg innandørs på Sunde skule.

Under friluftsliv er det lagt inn eit konkret tiltak som gjeld Sunde i planperioden:

- I planperioden skal ein sikra badeområde i Sundal og på Sunde

Kommunedelplan for skulebruk (2016)

I skulebruksplanen kjem det fram at elevtalsutviklinga ved Sunde skule er stabil. I 2015 var det 7 klassar og 119 elevar ved skulen. Prognosane i skulebruksplanen tilseier 7 klassar og 107 elevar i år 2028. 18 elevar frekk skuleskyss i skuleåret 2014/ 2015.

Andre


Nokre kommunale temaplanar og rapportar som òg har relevans for planarbeidet:

- Landbruksplan for Kvinnherad (2004)
- Kommunedelplan for vassforsyning og avløp (2013)
- Klima- og energiplan (2011)
- Folkehelseoversikten 2015-2019

Desse omtalar i liten grad Sunde konkret, men har føringar/ mål som er relevant for utarbeiding av områdereguleringsplanen.

5.6 Reguleringsplanar

Det er ein rekke reguleringsplanar innafor planområdet, sjå dei farga områda på figuren nedanfor. For dei sentrale delane av Sunde er det ein reguleringsplan frå 1985 «Sunde sentrum», plan 19840007, sjå område med raudt på figuren. Områda på austsida av Sundsvegen er i denne i hovudsak regulert til forretning eller forretning/ bustad. Områda på vestsida av Sundsvegen er i stor grad regulert til naustområde (eitt av nausta er regulert til bustad/ forretning), men Vikingfjord er regulert til industri. Bergslagen er òg regulert til industri.



Figur 7: Reguleringsplanar i området

6 Status og utfordringer

6.1 Stadutvikling og stadstruktur

Status

Dei sentrale delane av Sunde, strandstaden Sunde, er karakterisert av eit trangt gateløp. Sundvegen frå Nesjaneset til brua har bygg på begge sider med til dels opne fasadar (tidlegare butikklokale). Vegne/ gata er dermed eit byrom som gir staden gode urbane kvalitetar



Figur 8: Gateløpet i Sunde, henta frå google.no



Figur 9: gateløpet i Sunde, foto Norconsult

Sett bort frå aktiviteten knytt til Vikingfjord er det likevel lite aktivitet langs gata. Det er nokre bedrifter, men lite utovervende verksemder og ein del tomme lokale. Verksemdene langs gata driv stort sett med handverk/ reoperasjon (sykkelverkstad og bilverkstad) eller kontor. Det er ingen butikkar eller bevertningsstader langs gata. Det er heller ingen butikkar/ bevertningsstader elles på Sunde. Bergslagen på andre sida av brua har planar om restaurant (i første omgang berre i sumarhalvåret). Her har det fram til no vore arrangert litteraturkveldar og andre temakveldar og aktivitetar knytt til båtliv. Bergslagen skal no stengast for renovering, slik at dei i framtida kan tilby enno fleire aktivitetar.



Figur10: Kontorlokale langs gata



Figur 11: Bilverkstad langs gata



Figur 8: Tomme lokale



Figur 13: Bergslagen

Sunde båthamn, skulen og barnehagen er andre funksjonar som er med på å skape liv i Sunde. Desse stadene er, i tillegg til Bergslagen, òg møtestadane på Sunde. Det er ingen plassar å opphalde seg langs gateløpet Sundsvegen.

Utfordringar

Dei tomme lokala og mangelen på utovervende funksjonar (butikk, bevertning) gjer at Sunde ikkje er den pulserande tettstaden som den ein gong var. Sunde har mange innbyggjarar (Sunde/ Valen har 2301 innbyggjarar pr. 2018, SSB) og ei god befolkningsutvikling, og det bør i utgangspunktet vere marknad for slike tilbod her. I tillegg ligg Sunde slik lokalisert at ein bør kunne rette seg mot reiseliv/ båtturisme og dermed få eit enno betre grunnlag. Nærleiken til, og utviklinga av Husnes er nok mykje av grunnen til at butikkane har forsvunne. Avstanden til Husnes er likevel for stor (2-3 km) til at det er det ein definerer

som gangavstand, det kan til dels definerast som sykkelavstand. Med det store talet på innbyggjarar i ein konsentrert tettstad bør ein, av både klimaomsyn og sosiale omsyn, vurdere å leggje til rette for at Sunde igjen kan få funksjonar som naturleg høyrer heime i eit lokalsenter. Ein bør vurdere om det skal vere eit mål at innbyggjarane i Sunde i stor grad skal kunne gå til sine daglege gjeremål og at dei skal ha gode møtestader sentralt i bygda.

Faren er liten for at Sunde skal bli ein konkurrent til regionsenteret Husnes som har ei mengde tilbod. Sunde er i kommuneplanen peika ut som lokalsenter og skal difor kunne vere «*eit lokalt senter for handel, tenester m.v.*» dimensjonert for sitt eige lokale område.


I planarbeidet vil vi definere ei sentrumssone, dvs. ei sone med reguleringsføremålet sentrumsføremål, dvs. område med blanda føremål; forretning, tenesteyting, bustader, kontor, hotell/overnatting og bevernting. Denne sona bør konsentrerast.

Det bør òg leggest til rette for gode byrom på Sunde. Gode byrom vil vere med å gjere staden meir attraktiv og kan bidra til at verksemder ønskjer å etablere seg. Gode byrom fremmer i tillegg kontakt mellom menneskje og er viktig for det sosiale livet i ein tettstad.

6.2 Kulturminne

Status


Strandstaden Sunde vaks fram på 1800-tallet til å bli den mest folkerike bygda i Kvinnherad. Sunde gjekk frå å vera eit lite jordbruksamfunn til industristad med særeigen historie, og var fram til 1960 den einaste tettstaden i Kvinnherad. Allereie på midten av 1800 talet etablerte Sunde seg som truleg den fyrste plassen i landet med hermetikkindustri.



Figur 9: Biletet til høgre, kartutsnitt som viser automatisk freds kulturminne. Biletet til venstre viser SEFRAK-registrerte bygningar i planområdet. Utsnitt frå Riksantikvarens nasjonale kulturminnedatabase, Askeladden.no

Kulturmiljøet i Sunde er først og fremst prega av Strandstaden og hermetikkindustrien, men òg jordbruk og eit rikt kulturlandskap som strekker seg frå fjell til fjord. Eksisterande vegstruktur er òg ein viktig del av kulturmiljøet. Hovudfartsåra gjennom Sunde går langs sjøen og følger dei gamle vegfara.

Strandstaden Sunde har si kjerne i området frå Nesjaneset og forbi brua. Den opphavelige bygningsstrukturen er i hovudsak prega av ei sjøgate med bygningar frå ulike periodar langs denne, og på begge sider av sundet. Miljøet består av naust, bygningar knytt til handel og industri, samt innslag av bustad. Sentralt plassert i Sunde finner vi Håkonshallen som var ein del av Bjellandsfabrikken og det resterande fabrikkmiljøet som i dag er lokala til bedrifta Vikingfjord. Andre enkeltobjekt er til dømes fabrikkpipa ved Vikingfjord. Desse må vurderast særleg nøye. Det same gjeld for naustmiljøet langs gata.



Figur 10: Vikingfjord, "Håkonshallen" til venstre i bildet, pipa til høgre

Elles i planområdet består bygningane av tradisjonelle bustadar av ulik alder og karakter samt skule, lør og uthus.

Utfordringar

Det er ein klar intensjon i planarbeidet å ta vare på Strandstaden Sunde og det karakteristiske ved denne. Blant anna er det eit mål å sette av ei bevaringsområde med gode føresegner i dei sentrale delane av Sunde.

Samstundes er ingen tent med ein tettstad med tomme lokale, jf. temaet «stadutvikling og stadstruktur» ovanfor. Utfordringa blir å ta vare på strandstaden samstundes som ein skapar nytt liv.

Sentralt i Sunde ligg Vikingfjord og det har tidlegare, og gjennom folkemøtet, vore foreslått at verksemda flyttar ut av Sunde og at ein transformerer området slik at dette kan vere med på å gi nytt liv til staden. Sjølv om Vikingfjord ikkje har nokon slike planer i dag er dette eit aktuelt scenario i framtida. Det resterande fabrikkmiljøet er eit viktig historiefortellande element frå industriperioden og ein eventuell slik transformasjon må difor vurderast særleg nøye.

Både når det gjeld Vikingfjord, og andre bygg langs sentrumsgata, vil temaet «vern gjennom bruk» vere sentralt. Det er ei utfordring å finne føresegner som sikrar det bevaringsverdige, men òg gir fleksibilitet som gjer at bygningane kan/blir tatt i bruk.

Også andre element som trafikktryggleikstiltak og uterom, sjå nedanfor, kan kome i konflikt med kulturminneinteresse. Her vonar vi difor dei ulike offentlege organa/ avdelingane spelar på lag og er

løysingsorienterte. Løysingane vil mest sannsynleg ikkje kunne vere optimale for alle, men balansert mellom ulike omsyn.

6.3 Grønstruktur

Status

Skulen og barnehagen er det mest sentrale leike- og opphaldsarealet i bygda, sjå fig. 18. På barnetråkkregistrering på skulen, sjå eigen rapport, kjem det fram at dette er mykje brukt- også utanom skuletida.



Figur 16: Vågeminne

Det er regulert inn to mindre offentlege friområde i dei sentrale delane av Sunde. Dette er «Vågeminne», ein liten park med ein statue av Ragnvald Vaage (og eit par benkar), og eit område ved båthamna som enno ikkje er tilrettelagt.

Innafor planområdet er det i tillegg regulert inn nokre leikeområde, i nyleg regulerte bustadplanar.

På Nesjaneset står eit kommunalt reinseanlegg. Her kan ein kome til sjø, men det er ikkje tilrettelagt for det, og heller ikkje særleg attraktivt slik området står fram i dag. I områda nord for brua (på austsida) er det fleire stader ein kan kome ned til sjøen, men areala er private og dei er ikkje tilrettelagt for ålmenta.

Båthamna er det andre sentrale samlingspunktet, men då i hovudsak for dei som har båt. Ein kan kome ned til sjøen nokre andre stader. Bergslagen oppfattast nok litt som privat i dag, men ein har planar om betre tilrettelegging for ålmenta.



Figur 11: Båthamna

På begge sider av vågen er det landbruksareal. Landbruksareala rundt skulen og barnehagen, og vidare nordover mot «Trollskogen» utgjer ein nesten samanhengande struktur. «Trollskogen» er eit utfartsområde og stiane fortsett her òg nordover i friluftsområda. Det er òg tilkomst ved Stølen, noko lenger vest.

Ved Stølen ligg det ein dam som kommunen eig. Den er i dag inngjerda, men kommunen ønskjer å finne annan bruk for denne.




Figur 12: Grøne område, eksisterande og med potensiale

6.4 Naturmangfald


Status

Av naturmangfaldsinteresse har særleg registrering av ålegrassamfunn i sjøområda interesse. Dette er registrert vest for småbåthamna, nord for brua og vest for Vikingfjord ved strandlina på andre sida av sundet, sjå kart på neste side.



Figur 13: Utklipp frå naturbase. Grøne område er ålegrassamfunn

I tillegg er det registrert eit gytefelt for kysttorsk i sør i /nær planområdet, sjå fig 14. Dette feltet er vurdert til å vere eit middels viktig gytefelt med noko auka eggteitleik.



Figur 14: Skravert område er registrert gytefelt for torsk, utdrag frå Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy

Utfordringar

Tiltak i sjø kan påverke ålegrassamfunna.


Tiltak i sjø kan og påverke torskeyngelen. Torskeyngelen er særleg ømfintleg for steinstøv/partiklar frå sprenging og utfylling, og torskefisk er ekstra utsett for påverknad frå sprenging fordi dei har lukka svømmeblære.

6.5 Naturressursar

Status


Det er registrert to område for fiske med passive og aktive reiskap etter fleire artar i fjorden/ vågen like sør for Sunde. Passive fiskereiskap er fiskereiskap fisken må oppsøke for å bli fanga i, til dømes snøre, garn, ruse, teine, line. Aktive fiskereiskap oppsøker fisk og fiskestimar, slik som not, trål og snurrevad.

Det er, som nemnd, og gyteområde for torsk i området, sjå under naturmangfald.



Figur 15: Passive reiskap, utdrag frå Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy

Området vist på fig 15 er registrert som eit rikt fiskefelt som vert benytta til fiske med fleire typar passive reiskap etter fleire artstypar. Om sumaren er det myke fritids-/turistfiske i området.



Figur 16: Aktive reiskap, utdrag frå Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy

Området vist på figur 16 er registrert som brukt av både lokale fiskarar og andre. Det er fleire fiskeslag i området. Feltet, som er større enn det som er vist på utsnittet, er registrert brukt av 25 fartøy.

Utfordringar


Planområdet kjem ikkje i direkte konflikt med områda for fiske, men tiltak i sjø kan påverke fisket eller fiskebestanden. Gyteområdet for torsk kan og bli påverka av tiltak i sjø og såleis påverke fiskemoglegheitene.

6.6 Mobilitet (veg, sykkel og gongvegssystem, kollektiv, parkering)

6.6.1 Vegsystem

Status

Sundsvegen, fv 5028, er ein fylkesveg med ÅDT (Årsdøgntrafikk) på 2300 frå overgangen med Opsangervegen i aust til brua/ Vågsvegen i vest. Det er nokre smale fortau her og der, men Sundvegen manglar i stor grad tilbod for mjuke trafikantar. Jf. kommunedelplan for trafikksikring er dette ein smal uoversiktleg veg med stor gangtrafikk.



Figur 20: Vegane på Sunde, raude prikkar markerer overgang mellom dei ulike strekningane i høve til trafikktal (ÅDT). TT = tungtrafikkandel.

Sundsvegen har nord for brua ein ÅDT på 1400. Også her er det nokre strekk med smale fortau, og manglande fortau på nokre strekk.

Vågsvegen er ein kommunal veg med ÅDT på 900. Brua har eit smalt fortau på begge sider. Etter brua er det eit fortau på sørsida til avkjøring Furenesvegen. Vidare vestover er det ikkje fortau langs Vågsvegen.

Tungtrafikkandelen er høgast for Sundsvegen. Dette skuldast tungtrafikken til Vikingfjord.

Slettestølsvegen/ Hamrabrekko er eit anna sentralt vegstrekk. Dette er ein skuleveg for mange. Den vestre delen er i følgje kommunedelplanen for trafikksikring, ein bratt og dårleg veg med gangtrafikk.

Utfordringar

Langs Sundsvegen er det behov for eit meir trafikksikkert tilbod for mjuke trafikantar. Dette er særleg utfordrande i sentrumsområdet då verneverdige bygg litt tett på vegen. Som nemnd i kapitel om kulturminne, er det her behov for å finne løysingar som ikkje nødvendigvis følgjer Statens vegvesen sine vegnormalar, men løysingar som likevel kan fungere nokolunde tilfredsstillande. Om ein skal leggje opp til gang/ sykkelveg eller fortau, eventuelt variere dette etter kva strekk ein ser på, er noko som må sjåast på i planarbeidet.

Tungtrafikken har i dag utfordrande tilhøve. Vikingfjord har meldt at det er behov for å skilte og tilretteleggje snumogelegheiter for trailerar.

Også langs Vågsvegen er det behov for eit betre tilbod for mjuke trafikantar. Her er det andre problemstillingar knytt til brua og private hagar.


Kryssområdet Sundsvegen- Vågsvegen (på austsida av brua) er meldt inn som eit utfordrande område for mjuke trafikantar.

Når det gjeld Hamrabrekko/ Slettestølsvegen er problemstillinga i stor grad knytt til sjølve Hamrabrekko som er svært bratt og særleg utfordrande vinterstid. Dette er ikkje heldig i kombinasjon med at dette er ein skuleveg. I gjeldande reguleringsplan ligg det inne ei løysing for å utjamne høgdeforskjellane (gjere Hamrabrekko mindre bratt). Andre forslag har vore å stenge Hamrabrekko (på «toppen») for å hindre foreldra i å køyre borna til skulen denne vegen. Med ei slik løysing vil ein òg kanskje få fleire skuleborn til å gå/ sykle då mange foreldre vil køyre Slettestølsvegen (mot vest, vekk frå skulen) når dei skal på arbeid. Dette er bra i eit folkehelseperspektiv. Slettestølsvegen har smal vegbane og smalt fortau og har i utgangspunktet behov for tiltak slik den ligg i dag. Med ein eventuell stenging av Hamrabrekko vil likevel behovet for tiltak auke ytterlegare då «all» trafikk frå bustadområda då må ned Slettestølsvegen.

Det er behov for å sjå nærare på problemstillinga knytt til Hamrabrekko/ Slettestølsvegen.

6.6.2 Kollektivtrafikk

Status



Figur 21: Bussrute 762 og 760, henta frå moovit

Bussen mellom Sunde og Husnes går i ringsystem via Kaldestad. Det er traseen i retning frå Husnes til Sunde som går via Kaldestad. Ruta motsett veg, dvs. frå Sunde til Husnes, varierer mellom å gå langs Opsangervegen, på vestsida av Opsangervatnet, og den lengre runda om Reset og Teigen på austsida av vatnet.


Buss frå Sunde til Husnes har ein frekvens på ca. 35 min i tida 0730 – 0840, men før og etter dette klokkeslettet, er det godt over ein time mellom bussane. Reisetida er i tida frem til kl. 10.00 som oftast på ca. 10 min. Frå 1015 må ein rekne med å reise om Sunde/ Reset/ Teigen, dvs. 25 min reisetid på ein del av avgangane.

Frå Husnes til Sunde om ettermiddagane går bussen relativt sjeldan med hyppigast frekvens på 50 min i tida 1415- 1600, men elles med over ein times frekvens.

Det presiserast at vi her berre har sett på frekvens frå Sunde skule. Det er òg nokre få ruter som berre går frå Husnes til Sunde ferjekai og omvendt.

Utover dagen kjem ein seg til Rosendal på mellom +/- ein time reisetid om lag ein gong i timen.

Busshaldeplassen på Sunde ligg i Sundsvegen like ved skulen. Skulebarna må krysse vegen for å kome seg til skulen.



Figur 22 Busshaldeplass ved blå ring

Fram til Halsnøytunnelen vart opna 2008, var Sunde eit knutepunkt for kommunikasjon mellom Stord og Kvinnherad, og inngjekk i ferjesambandet Sunde–Ranavik–Skjersholmane. Etter at tunnelen er opna, går

ferga berre mellom Ranavik og Skjersholmane. Ferjekaien på Sunde blir no brukt som hurtigbåtkai og opplag for ferje.

Båten går til Leirvik på Stord med ein frekvens på mellom 40 - 55 min om morgonen i tidsrommet 0545-0945. Om ettermiddagen, motsett veg, er frekvensen ca 1 time mellom 1445 og 1730.

Ferjekaien ligg utanfor planområdet, ca. 2,5 km frå Sunde skule, dvs. i sykkelavstand.

Utfordringar

Bussen bør ha større frekvens for å oppnå mål om eit «grønare» Kvinnherad med ein høgare kollektivdel. Dette ligg likevel utanfor det områdereguleringa kan gjere noko med.

Tilhøva rundt busshaldeplassen bør likevel sjåast nærare på. Gode trafikksikre løysinga er viktig, særleg i høve til elevane ved skulen.

Om ein skal etablere eit område med ladepunkt for bil er og noko som bør vurderast i planarbeidet for å oppnå miljømåla til kommunen. Dette bør i så tilfelle vere nær ein arbeidsplass (for eksempel den største arbeidsplassen som er skulen), då dei som bur på Sunde i hovudsak vil lade heime.

7 Folkemøte og barnetråkk

7.1 Folkemøte

Den 4.juni 2019 vart det gjennomført folkemøte/ idédugnad på Sunde skule om områdereguleringa for Sunde, «Fokus Sunde». Idédugnaden hadde brei deltaking frå ålmenta, lokalt foreiningsliv og frå kommunen, men mindre frå lokalt næringsliv. Vi vonar difor det er mogeleg å få det lokale næringslivet sterkare med i det vidare arbeidet.

Idédugnaden vart gjennomført etter kafémetoden med 5 tema: «Å leve på Sunde», «Å ta vare på Sunde», «Trafikk», «Bustad og næringsliv» og «Draumestaden». Det var eit godt og aktivt diskusjonsklima rundt kaféborda og idédugnaden ga mange gode innspel. Av sentrale moment, som verkar å vere felles for mange av gruppene, kan følgjande trekkjast fram:

- Skulen og barnehagen er viktig for Sunde og må bevarast og evt. vidareutviklast.
- Bergslagen er viktig. Her er det stort potensial for å få til mykje av det dei frammøtte ynskjer seg, særleg med omsyn på aktivitetar/ møteplass.
- Mange meiner Vikingfjord bør flytte og ser at dette då opnar for store moglegheiter for utviklinga av Sunde då arealet er attraktivt. I dette området er det foreslått utadretta funksjonar som marina/ gjestebrygge, storkiosk/ butikk, restaurant/ kafé/ pub/ bakeri og hotell/ rorbuer , men òg bustad og kontor (gjerne i 2.etasje). Ikkje minst vil frigjering av arealet gi betre tilgang til sjø og det er foreslått strandpromenade, badeplass og torg/ plass. Særleg Nesjanaset er attraktivt i så måte då ein her har flott utsikt.
- Strandpromenade er òg av fleire foreslått vidare nordover frå Vikingfjord-området, nord for brua. Her er det òg foreslått rorbuer. Nokre har òg foreslått strandpromenade på vestsida av Vågen (ved båthamna og Bergslagen).
- Området ved båthamna er òg av nokre nemnd som ein del av ei sentrumsutvikling/ ein samlingsstad for bygda.
- Dei fleste synes å ynskje å bevare den småskala strandstaden, dvs. bygningane i sentrum/ langs Sundsvegen. Småskala næring er foreslått.

Elles er det i mange grupper/ ved mange bord foreslått:

- Ulike forslag til plassering av badeplassar eller badeland
- At bustadfeltet nordaust for skulen vert utvida nordover
- Leikepark, evt. «Høgt og lavt» -park i området ved Trollskogen
- Bustadfelt på Opsangerneset
- Ulike plasseringar av aldersbustader
- Ridebane ved skulen
- Turløype Stølen/ Hamrabrekko-området til Grønnestølen og Podlen
- Gang/ sykkelveg langs Sundsvegen, Vågsvegen og Hamrabrekko
- Nye parkeringsplassar for Bergslagen
- Sandvolleyballbane vest for båthamna (same areal er og foreslått som parkering for Bergslagen)

- At brua endrast til vippebru slik at ein kan få inn seglbåtar
- Ladestasjonar for bil og båt
- Ferja tilbake til Sunde, utvida parkering (med ladestasjon) ved ferjeleiet

Av idédugnaden kom det òg fram at det kunne vore nyttig med prosessar som kan bidra til etablering av ny næring og nye aktivitetstilbod på Sunde. Følgjande konkrete forslag er komen inn:

- At pensjonistar kan drive ein bygdakafé (i til dømes Bergslagen)
- Bar og/ eller kafékveld (i til dømes Bergslagen) ein kveld i månaden driven av Grendalaget eller 2-3 frivillige
- At Grendalaget eller «Turstiar Sunde» kan arrangere gåturar
- At verksemder som ynskjer å etablere seg kan få ein fadder med lokalkunnskap (innkomen som skriftleg forslag før idédugnaden)

For ytterlegare informasjon viser vi til eige referat frå folkemøtet/ idédugnaden.



Figur 23: Det var stort engasjement under idédugnaden

7.2 Barnetråkkregistrering

Den 5.juni 2019 vart det gjennomført Barnetråkkregistrering for 4.,5 og 6.trinn på Sunde skule. På barnetråkkregistreringa teikna barna inn skuleveg, fritidsveg, område dei likar/ nyttar, område dei ikkje likar og område dei meiner bør endrast/ nye funksjonar dei kunne ønske seg.

Vi viser til eigen rapport frå Barnetråkkregistreringa for oversikt over kva som kom fram i denne. Generelt kan følgjande oppsummerast:

- Elevane beveger seg trygt i eit relativt stort område.
- Det er ikkje registrert stader dei bevisst unngår.
- Ungane verkar generelt å vere nøgde med nærmiljøet sitt. Dei har få konkrete innspel til stader som må endrast.

- Skulen er den klart viktigaste møteplassen for elevane. Utanom dette, møtes dei i hovudsak heime hos kvarandre. Det er ikkje registrert etterspurnad etter fleire møtestader
- Ungane verkar å nytte naturen aktivt, ulike turstiar og turmål vert oppsøkt både på skulen og i fritida.
- Elevane verkar ikkje å savne noko i kvardagen, men har mange forslag til aktivitetar og tilbod ein kunne ønske seg i nærmiljøet. Primært dreier det seg om kommersielle tilbod dei set pris på når dei besøker andre stader, men betre badefasilitetar og betre leikeplassar er òg nemnd. Av kommersielle tilbod er nemnd iskiosk, ulike butikkar og serveringskjeder, kafé, hotell og ulike aktivitetsparkar (klatrepark, paintball, badeland). For desse funksjonane gjeld det generelt at ungane ikkje har konkrete tankar om lokalisering. Når det gjeld eksisterande bygningar og område, trekk ungane spesielt fram at dei kunne ønske seg ny aktivitet i form av butikkar eller kafé i dei tomme næringslokala.
- Ingen elevar nyttar omgrepet *Sunde sentrum*.



Figur 24: Skuleplassen er den klart viktigaste møteplassen for barna


8 Plan- og utgreiingsalternativ – moglegheitstudie

8.1 Innleiing

Ein har eit klart hovudmål med planarbeidet, jf. kapittel 2.3:

«Sunde skal vidareutviklast som ein attraktivt tettstad. Kollektivaksar og gang- og sykkelvegnettet skal forbetrast. Ein skal ta vare på og vidareutvikle alle dei særkvalitetar som Sunde har. Uterom og offentleg rom skal ha høg kvalitet».

Korleis ein skal oppnå dette må sjåast på i ein mogelegheitsstudie, som ein del av planarbeidet. Nokre klare fokuspunkt og krav til kva løysingar som skal sjåast på kan vi likevel sette opp som utgangspunkt for planarbeidet og denne studien:




Fokus 1: Det sentrale sentrumsområdet

Det sentrale sentrumsområdet vert definert som gata nord for Vikingfjord + Bergslagen.

Det skal vurderast følgjande tiltak i dette området:

- Tiltak som bind områda i sentrumsområdet betre saman.
- Uterom/ byrom
- Tiltak for trafikksikring, med fokus på mjuke trafikantar.



Fokus 2: Samanbinding mot andre sentrale område

Det skal vurderast tiltak som:

- knyttar Bergslagen tettare mot marinaen i nord
- knyttar Bergslagen mot områda i sør
- Koplar sentrumsområdet (inkl. Bergslagen) betre mot skule/ barnehage
- gjer at områda på nordvestsida av brua kan utviklast med eit grønt fokus for å betre tilgang til og opphaldssoener mot sjø.
- strandpromenade nord og sør for brua, på begge sider.

Om strandpromenade

Det presiserast at når det er snakk om strandpromenade så er det ikkje nødvendigvis meint gangareal framfor bygg, langs med sjøen, slik ein normalt tenkjer. Strandpromenaden kan ha alle dei ulike karakteristika som er vist nedanfor. Kva som eignar seg kvar, må sjåast nærare på i planarbeidet sett opp mot til dømes kulturminneomsyn, eigarskap, terreng m.v.

BEVEGELSESPRINSIPP



Figur 25: Henta frå strategi for sjøfronten, Bergen

8.2 Ulike utviklingsscenario som skal utgreiast

8.2.1 Utgangspunkt

På folkemøtet og barnetråkkregistreringa vart det meldt eit særleg behov for fleire møteplassar i bygda. Dette gjaldt behov for torg/ møterom/ uteplassar, men særskilt formål som butikk, kafé/restaurant, pub/ kultur.

Som nemnd i kap. 6.1 var Sunde ein gong ein pulserande tettstad og det bør, av historiske omsyn og for å oppretthalde identiteten, vere eit klart mål å få tilbake noko av den aktiviteten som ein gang var. Med det store talet på innbyggjarar og ein konsentrert tettstad bør ein også, av både klimaomsyn og sosiale omsyn, leggje til rette for at Sunde igjen kan ha slike tilbod i gangavstand. Det bør vere eit mål at innbyggjarane i Sunde i stor grad skal kunne gå/ sykle til sine daglege gjeremål og at dei skal ha gode møtestader sentralt i bygda.

Sunde kyst- og litteratursenter, som held til i Bergslagen, har store planar for si verksemd og vil kunne tilby nokre av dei møtestadane som etterspørjast. Det er likevel viktig at det òg skjer aktivitet på austsida av brua der det tronge gateløpet gir dei verkeleg gode urbane kvalitetane til Sunde, og der det i stor grad var liv og røre før i tida. Sunde kyst- og litteratursenter (Bergslagen) ser for seg at deira utvikling kan vere

ein motor for at også andre tilbod vert etablert i bygda (blant anna ser dei for seg at dei kan generere behov for overnattingstilbod).

Vidare utvikling i sentrum av Sunde kan skje ved å:

1. Ta i bruk eksisterande lokale
2. Bygge nytt

Det er sjølvstøtt ideelt om ein kan nytte eksisterande lokale og det bør startast opp prosessar som sørger for at dette skjer, sjå kapittel 9. Bruk av eksisterande lokale vil likevel ikkje løyse dette aleine. Dei eksisterande tomme lokala er svært små, og eignar seg ikkje til alle typar føremål. Ein kan truleg få plass til ein liten kafé, bakeriutsal, pub eller kiosk, men større tiltak som daglegvare og restaurant verkar det ikkje å vere plass til i den sentrale sentrumsgata. I tillegg er det slik at slike verksemdar treng eit kundegrunnlag. Som nemnd har Sunde eit relativt god befolkningsgrunnlag, men dei bur noko spreidd og lite i sjølve sentrum. Det bør vere relativt klårt at med fleire bustader konsentrert i sentrum og evt. noko overnattingstilbod retta mot turisme, vil desse verksemdene ha ein større moglegheit for å overleve.

8.2.2 Ulike utviklingsscenario

Vikingfjord har ein sentral plass i bygda og bidrar med liv gjennom at det skjer aktivitet rundt arbeidsplassen. Kommunen var den 28.10.19 i møte med Alsaker Fjordbruk AS/Viking Fjord AS. Dei opplyste at dei planlegg vidare drift på Sunde og at dei ynskjer at det vert tilrettelagt enno betre for vidare drift enn i dag, sjå nedanfor. Ei sentrumsutvikling der Vikingfjord inngår, og er ein sentral del av Sunde, er difor det primære scenarioet som ein vil sjå på i planprosessen.

Det er likevel ikkje tvil om at Vikingfjord er eit noko konfliktskytt element i bygda. Det tunge køyretøya skapar støy og trafikkfarlege situasjonar og verksemda i seg sjølv medfører luktproblem (jf. opplysningar frå folkemøte). Vikingfjord har også tidlegare signalisert at dei kan kome til å flytte, men er no klår på at det ikkje kjem til å skje. Det er likevel slik at vi ikkje kan vite om marknadssituasjonen endrar seg, det kjem teknologiske nyvinningar (for eksempel bruk av slaktebåt i staden for slakting på land) eller om Vikingfjord av andre grunnar på eit eller anna tidspunkt bestemmer at dei vil flytte eller legge ned. Det er difor nytting å sjå på kva Vikingfjord-tomta då kan nyttast til.

I moglegheitstudien vil vi difor sjå på følgjande:

Senario 1 – Kort sikt: Primærscenarioet der Vikingfjord inngår i sentrumsutviklinga for Sunde, og der ein i størst mogeleg grad legg til rette for framleis drift

Senario 1- Lang sikt: Eit scenario der ein tar utgangspunkt i primærscenarioet, men undersøker kva Vikingfjord – tomta kan nyttast til når/ dersom dei flyttar på relativt lang sikt (til dømes 20-30 år).


Senario 2: Eit scenario der noko upårekna skjer (for eksempel innanfor marknadssituasjonen) og Vikingfjord legg ned i løpet av relativt kort tid (5-10 år).

Scenario 1 – kort sikt:

Vikingfjord har, i samband med kommuneplanrulleringa (Kvinnherad 2050- arealdelen) og i møtet 28.10.19, meldt behov for:

- Innregulering (og skilting) av snuareal for trailerar i krysset Sundsvegen X Hamrabrekko
- Utviding av akvakulturområdet: «Det viktigaste for vår del er at me vert sikra tilstrekkeleg fleksibilitet til justeringar, og at det vert teke høgde for ei utviding med to bur... Dette er me avhengige av for å tilpasse produksjonen, og kunne ta i mot dei stadig større brønnbåtane».
- Utfylling i sjø for å auke næringsarealet: Me føresler ei utviding av næringsarealet på land som ei arealbruksutviding kombinert med avretting av eldre kailiner og utfyllingar. Utanfor føresler me det vert etablert ferdselsområde/hamneområde i sjø.

(sitata er henta frå innspel til Kvinnherad 2050 - arealdelen, 23.09.19)




Figur 17: Vedlegg til innspel til Kvinnherad 2050

Vi tek ikkje stilling til desse innspela no, men legg opp til å utgreie dette, som del av konsekvensutgreiinga, for å sjå kva konsekvensen blir før val av løysing.

Når det gjeld anna utvikling i Sunde må ein i dette scenarioet sjå for seg andre tomtar som kan utviklast i staden for Vikingfjord-tomta. Moglegheitsstudien må sjå nærare på dette, men vi har foreløpig registrert at båthamna har eit stort utviklingspotensial.

Alternativ A innafor scenario 1 er difor:




Alternativ 1A-kort sikt:

1. steg: Bergslagen utviklast og er ein motor
2. steg: Båthamna utviklast til ei gjestehamn/ marina med blant anna: Servicebygg, restaurant/ pub, hotell/ overnatting og/ eller evt. daglegvare. Utviding av båthamna (fleire flytebrygger) kan vere aktuelt.
3. steg: Dette støtter opp om sentrum slik at ein får liv i tomme lokale.

Parallelt med dette, og så tidleg som mogeleg, vert det arbeid med fokuspunkta nemnd i kap. 8.1 (etablering av ulike typar byrom, tiltak for mjuke trafikantar, samanbinding mm).

Ei slik type utvikling rundt ei gjestehamn ser vi fleire stader i distriktet, blant anna på Fjelbergsund (Borgundøy), Glesvær (Sund kommune), Bakkasund (Austevoll kommune).

Det har vore kontakt mot Sunde båtlag og leiaren er skeptisk til at det er marknad for ei slik utvikling av båthamna, i stor grad pga. konkurransen frå Husnes. I så tilfelle meinte han det måtte skje mykje anna utvikling på Sunde (utvida tilbud) før det kunne vere marknad for noko slikt. Det bør difor i tillegg sjåast på eit anna alternativ. Det er lite areal å ta av i sentrum av Sunde, og ein bør i minst mogeleg grad foreta transformasjon av dei bevaringsverdige strukturane. Som ei foreløpig vurdering verkar bygningane langs sentrumsgata/ Sundsvegen på nordaust-sida av brua å vere dei som har minst verdi for strandstaden Sunde, sjølv om desse òg har ein viss alder (alder ikkje klårlagt på det noverande stadiet, men vi finn dei blant anna på flyfoto frå 1963). Det vert difor foreslått å sjå nærare på ein moglegheit for å transformere dette området som eit alternativ B innafor dette scenarioet. Alternativ B innafor scenario 1 er difor:



Alternativ 1B – kort sikt:

1. Bergslagen utviklast og er ein motor
2. Nordre del av Sunde utviklast med sentrumsføremål (for eksempel forretning/ overnatting).
3. Dette støttar opp om sentrum slik at ein får liv i tomme lokale.
4. Båthamna utviklast evt. som i 1A dersom det no er marknad for det.

Parallelt med dette, og så tidleg som mogeleg, vert det arbeid med fokuspunkta nemnd i kap. 8.1 (etablering av ulike typar byrom, tiltak for mjuke trafikantar, samanbinding mm).




Figur 27: Bygningane på austsida av sentrumsgata/ Sundsvegen, nord for brua (sett nordfrå)

Scenario 1 - Lang sikt (antar Vikingfjord flyttar)

I eit «scenario 1- lang sikt» antar vi at Vikingfjord flyttar på relativt lang sikt (til dømes 20-30 år). Dersom dei ikkje flyttar vil ein i stor grad halde fast med det som er vist i «scenario 1- kort sikt» også på lengre sikt då det ikkje er så mykje meir utviklingsareal å ta av.

Scenario 1 - Lang sikt (her vist med ei utvikling som ei vidareføring av 1B)




Med ei sentrumsutvikling som i scenario 1 vil sentrum, og dermed dei utovervende funksjonane, vere dratt meir mot nord enn i dag (enten mot nordaust eller nordvest). Då er det naturleg å sjå på ei utvikling der Vikingfjord – tomte utviklast med relativt stor bustadandel som kan støtte opp om sentrum, men og evt. sentrumsføremål som ein manglar i sentrumsområdet elles.

Scenario 2: Vikingfjord flyttar innan kort tid


Med eit scenario der det skjer noko uventa som gjer at Vikingfjord flyttar om kort tid (5-10 år), vil ein ha større moglegheit til å utvikle Sunde med eit konsept der det er sjølvne strandstaden (sentrumsgata) som er tyngdepunktet og der ein kan få ein synleg «Bygdafront» ut mot fjorden i sør.

Ein transformasjon av Vikingfjord-området inneber ikkje at bygningane nødvendigvis skal rivast. Det har tidlegare kome ei klår tilbakemelding frå fylkeskommunen om at Håkonshallen og «pipa» er bevaringsverdige og ikkje bør rivast. Dette må difor leggjast til grunn. Om dei øvre områda er så store at ein kan få inn til dømes daglegvarebutikk og hotell er usikkert og det er heller ikkje sikkert at dette passar inn i den «småskala» gata. Det bør difor i tillegg leggjast opp til andre utviklingsareal til dette. På grunn av at usikkerheita knytt til om det er marknad for utvikling av båthamna vert det og her foreslått at ein ser på to alternativ:



Alternativ 2A:

1. Bergslagen utviklast og er ein motor
2. Vikingfjord utviklast som ein del av sentrum med sentrumsføremål, dvs. forretning, bevertning, hotell/ overnatting, bustad, evt. kontor. Utovervend verksemd i 1.etasje. Marina/ gjestehamn kan òg vurderast.
3. Dette støttar opp om sentrum slik at ein får liv i tomme lokale. Båthamna utviklast med hovudvekt på bustad, men evt. og større funksjonar som er vanskeleg å få plass til i sentrum / ved Vikingfjord (t.d. daglegvare eller hotell).



Alternativ 2B

1. Bergslagen utviklast og er ein motor
2. Vikingfjord utviklast som ein del av sentrum med sentrumsføremål, dvs. forretning, bevertning, hotell/ overnatting, bustad, evt. kontor. Utadretta verksemd i 1.etasje. Marina/ gjestehamn kan òg vurderast.
3. Dette støttar opp om sentrum slik at ein får liv i tomme lokale.
4. Sunde nord utviklast med større sentrumsfunksjonar som er vanskeleg å få plass til i sentrum / ved Vikingfjord t.d. daglegvare eller hotell.


For begge alternativ gjeld at parallelt med dette, og så tidleg som mogeleg, vert det arbeid med fokuspunkta nemnd i kap 8.1 (etablering av ulike typar byrom, tiltak for mjuke trafikantar, samanbinding mm).

8.3 Ulike tema som skal sjåast på i planarbeidet

Jf. skildringa av dagens situasjon og utfordringar er det nokre klare tema planarbeidet må ta fatt i. Generelt vil ein, i tillegg til det som er nemnd over, i det vidare planarbeidet arbeide med:

- Sentrumsområdet:
 - Avgrensing av eit sentrumsområde og gode føresegner til dette.
 - Avgrensing av eit bevaringsområde og gode føresegner til dette.
 - Innpassing av ulike typar uterom med ulik karakter.
- Grønstruktur/ grønne område:
 - Undersøke om ein kan få inn ein eller fleire badeplassar innafør planområdet.
 - Undersøke om ein kan få inn fleire areal for felles leik/ aktivitet (felles for bygda).
 - Undersøke om ein kan få inn fleire nye nærleikeplassar i bustadområda (ved manglande dekningsgrad).
 - Å få ein samanhengande grønstruktur.
- Mobilitet/ trafikale tilhøve:
 - Tilbod for mjuke trafikantar langs Sundsvegen.
 - Tilbod for mjuke trafikantar langs Vågsvegen.
 - Utbetring av Slettestølsvegen.
 - Løysing for Hamrabrekko. Her vil det blant anna sjåast på om vegen bør stengast for gjennomkøyring.
 - Løysing for kollektivhaldeplassar.
 - Evt. andre trafikale utryggleikspunkt som vert avdekka i planarbeidet.
 - Finne løysing for parkering for sentrumsområdet (ved etablering av tilbod for mjuke trafikantar i sentrumsområdet, og eventuelle uterom her, vil dette krevje inngripen i eksisterande parkeringsplassar, som truleg bør erstattast).

Vikingfjord har meldt behov for utfylling i sjø. Deira forslag til utfylling stoppar på Nesjaneset ved grensa til ei kommunal tomt (brukt til reinseanlegg). Det vil vere naturleg og å sjå på utfylling i sjølina ved den kommunale tomte. Ei slik utfylling må ikkje vere stor og den må ikkje øydelegge landskapsforma (nes). Nesjaneset er eit attraktivt område, og det kommunale arealet kan vere aktuelt som uterom, men det kan òg vere aktuelt som parkeringsareal for Sunde sentrum. Badeplass er truleg lite aktuelt pga. akvakulturanlegget og bølger frå hurtigbåten.



9 Gjennomføring og parallelle prosessar

Ei områderegulering kan ikkje løyse utfordringane til Sunde åleine. Ein er avhengig av at nokon gjennomfører det som områdereguleringa opnar for og legg til grunn.

Gjennomføring av områdereguleringa dreier seg til dels om å sikre det tilbodet for mjuke trafikantar som områdereguleringa kjem fram til (fortau, g/ s-veg) og å opparbeide offentlege uterom (torg, strandpromenade, badeplassar, leikeplassar), men det vil ikkje minst dreie seg om å fylle uterom og bygg med aktivitet.

Sunde er allereie ei bygd som er relativt aktiv og har mange ressursar. Sunde grendalag, Sundesprell, Turstiar på Sunde, Kyst og litteratursenteret (Bergslagen) og FAU på skule og barnehage er nokre døme på dette. Om ein i framtida klarar å få enno meir ut av ressursane vil ein kunne få den utviklinga ein ynskjer seg.

Kvinnherad kommune har diverre avgrensa med ressursar og er avhengig av at og lokalbefolkninga er med og drar lasset. Dette er difor ei oppmoding til Sundebuen!

Sunde kyst- og litteratursenter Bergslagen har no planar om ein storstilt renovering som omfattar både sjølve bygningane og uteromma rundt. Det er laga ein sluttrapport frå forprosjektet (26.10.14). Planane har truleg utvikla seg noko seinare, men i følgje denne rapporten skal Bergslagen ha plass til:

- Båtbyggjeri/verkstad til reparasjon av båtar og båtmotorar
- Plass til å syne fram denne aktiviteten og formidle kunnskap
- Utstillingslokale til permanente og vekslende utstillingar
- Møtelokale (undervisningsrom)
- Selskapslokale/restaurant/kafé
- Konsert/opplesingssal
- Bibliotek/boksamling

Kyst- og litteratursenteret ser for seg at utbetringa av Bergslagen vil ha effektar også for Sunde som heilskap. Dei skriv i forprosjektrapporten:

«Vi ser for oss at ulike aktivitar vil generere meir aktivitet, då også næringsaktivitet, i framtida. Eit meir profesjonelt senter vil kunne yte kontinuerleg aktivitet, og vi trur brukareffekten vil kunne verte omfattande, og særleg utgjere ein skilnad for born og unge. Det vil gje forankring og kunnskap og føre til at fleire buset seg her. Samfunnseffekten vil bli større optimisme og trivsel, og det vil vonleg resultere i fleire arbeidsplassar. Det vil bli ringverknader for næringsliv og andre verksemder i form av besøk frå fjern og nær. Vi ser blant anna for oss at det vil bli trong for eit overnattingstilbod i nærområdet».

Å støtte opp om Bergslagen og anna lokalt initiativ kan vere ein måte å få fart på utviklinga på Sunde.

I vedlegget «Levande tettstad- Sunde» ligg det fleire tips til måtar å få i stand aktivitet på Sunde.

10 Utgreiingstema

10.1 Utgreiingstema

Jf. forskrift om konsekvensutgreiingar § 21 skal konsekvensutgreiinga identifisere og skildre dei faktorar som kan bli påverka og vurdere vesentlege verknader for miljø og samfunn, her under:

- Naturmangfald, jf. naturmangfaldlova
- Økosystemtenester
- Nasjonalt internasjonalt fastsette miljømål
- Kulturminne og kulturmiljø
- Friluftsliv
- Landskap
- Forureining (utslepp til luft, under dette klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn samt støy
- Vassmiljø
- Jordressursar (jordvern) og viktige mineralressursar
- Samisk natur- og kulturgrunnlag
- Transportbehov, energiforbruk og energi løysingar
- Beredskap og ulykkesrisiko
- Verknader som følge av klimaendringar, her under risiko ved havnivåstigning, stormflo, flaum og skred
- Befolkningas helse og helsa si fordeling i befolkninga
- tilgjengelegheit for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett
- barn og unges oppvekstvilkår
- kriminalitetsforebygging
- arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.

Det er vesentlege verknader for miljø og samfunn som skal vurderast. Dette inneber at ikkje alle tema nødvendigvis skal inngå i konsekvensutgreiinga. Vi ser det som naturleg å sjå på følgjande tema i konsekvensutgreiinga:

- Naturmangfald
- Naturressursar
- Kulturminne og kulturmiljø
- Landskap
- Grønstruktur: Under dette fell òg tema som friluftsliv, barn og unge sine interesse samt helseperspektivet knytt til opphald ute i det fri
- Stadutvikling, stadstruktur, estetikk.
- Mobilitet og trafikktryggleik

I tillegg vil vi utarbeide ROS-analyse og støyanalyse.

10.2 Metode

Ifølge forskrifta skal ein følge anerkjent metodikk. Vi vil bruke Statens vegvesen si handbok V712 sin metodikk for ikkje prissette tema, med tilpassingar, for følgande tema:

- Kulturminne og kulturmiljø
- Landskap
- Naturmangfald
- Naturessursar

Det er ikkje planar om å bygge ned, eller påverke negativt, område nytta til friluftsliv. Målet er å skape nye område. Det er difor ikkje er sett på som eit tema det vil vere naturleg å utgreie etter metoden for ikkje prissette tema i V712.

Det skal her utarbeidast ein områdeplan som har som mål å betre tilhøva i Sundesamfunnet. Det vil difor vere nyttig å vurdere om ein oppnår dei måla ein har sett seg. I V712 er vurdering av måloppnåing eit tilleggstema, før ein kjem med ei anbefaling.

Vi vil bruke vurdering av måloppnåing for følgande tema:

- Grønstruktur
- Stadutvikling, stadstruktur, estetikk.
- Mobilitet og trafikktryggleik

Risiko og sårbarheitsanalyse er i V712 også eit tilleggstema som vert tatt med i vurderinga før ein kjem med ei anbefaling.

Når det gjeld støytutgreiing så er ikkje dette i seg sjølv ein konsekvens, men ein effekt. Dersom støyen påverkar bruken for nokon/ noko vil det ha ein konsekvens. Målet er å skape gode grønne strukturar og uterom som er skjerma mot støy. Vurdering av om ein klarer dette vil difor inngå under tema «grønstruktur og «stadutvikling, stadstruktur og estetikk». I utgangspunkt vil ein søkje å skjerme leikeplassar, parkar og uterom mot støy slik at ein ikkje får støy over anbefalte verdier, jf. T1442. Når det gjeld støy for bygningar er utgangspunktet at T1442 skal følgjast.

Vi foreslår som nemnd å vurdere nokre tema opp mot nokre fastsette mål, sjå tabellen nedanfor.

For temaet «stadutvikling, stadstruktur, estetikk» vil det vere naturleg å vurdere scenarioa og alternativa i mogleighetsstudien opp mot målsetningane som grunnlag for å foreta eit val av løysing for den endelege planen.

For dei andre tema vil ikkje løysingane variere så mykje mellom scenarioa/ alternativa slik at det her berre vert gjort ei vurdering av måloppnåing for det endelege planforslaget.

Tema	Delmål	Utgreiingsmetode
<p>Stadutvikling, stadstruktur, estetikk</p>	<p>Områdeplanen skal leggje til rette for ei utvikling:</p> <ul style="list-style-type: none"> – som tar vare på og byggjer på Sunde si historie. – der sentrumsområdet i stor grad er retta mot sjøen og der ein legg vekt på Sundsvegen som historisk gateløp – som har gode og aktive uterom – som opnar for eit variert tilbod av forretning, service og bustader i det sentrale sentrumsområdet (aktivitet gjennom døgnet). – Med eit sentrumsområde utan for stor avstandar (gangbart) – der Sunde framstår med eit godt visuelt inntrykk 	<p>I konsekvensutgreiinga vil det:</p> <ul style="list-style-type: none"> • bli skildra/ illustrert kva prinsipp som er lagt til grunn for scenarioa/ alternativa i moglegheitsstudien for dette temaet. • gjerast ei vurdering av korleis scenarioa/ alternativa i moglegheitsstudien oppfyller dei måla ein har sett seg i planprogrammet om dette temaet. <p>Dersom ein i det endelege planforslaget endar opp med ein variant som ikkje kan seie å likne på eit av alternativa i moglegheitstudien må det gjerast ei ny vurdering av måloppnåing for sjølve for planforslaget.</p>
<p>Mobilitet og trafikktryggleik</p>	<p>Områdeplanen skal leggje til rette for:</p> <ul style="list-style-type: none"> – Effektive, trygge og praktiske gang- og sykkelaksar mellom dei ulike funksjonane på Sunde. – Effektive og praktiske kollektiv-, parkering og tilkomstløysingar som og sikrar trafikktryggleik, trafikkavvikling og estetikk internt i planområdet. 	<p>Det vil bli gjennomført ei registrering av dagens situasjon m.o.t køyreveggar, gang/ sykkelaksar, kollektiv. Identifisering av utrygge strekningar og punkt.</p> <p>I konsekvensutgreiinga vil det:</p> <ul style="list-style-type: none"> • bli skildra/ illustrert kva prinsipp som er lagt til grunn for planen om dette temaet. • gjerast ei vurdering av korleis planen oppfyller dei måla ein har sett seg i planprogrammet om dette temaet.
<p>Grønstruktur</p>	<p>Områdeplanen skal leggje til rette for:</p> <ul style="list-style-type: none"> – Ein grønstruktur som i stor grad tar vare på viktige biologiske element og viktige landskapselement – Ein variert grønstruktur som sikrar allmenn tilgang til sjøen, tilstrekkeleg med gode rekreasjonsareal og leikeareal for ulik bruk. 	<p>I konsekvensutgreiinga vil det:</p> <ul style="list-style-type: none"> • bli skildra/ illustrert kva prinsipp som er lagt til grunn for planen om dette temaet. • gjerast ei vurdering av korleis planen oppfyller dei måla ein har sett seg i planprogrammet om dette temaet. • gjerast ei vurdering etter naturmangfaldlova

	– Ein mest mogeleg samanhengande grønstruktur	<ul style="list-style-type: none"> • gjerast ei vurdering av tilhøva for barn og unge • gjerast ei vurdering i høve til helse
--	---	---

Konsekvensutgreiing etter Statens vegvesen si handbok V712, metode for ikkje prissette tema, vert nytta for tema i tabellen nedanfor. Også her gjeld at løysingane ikkje variere så mykje mellom scenarioa/alternativa. Det er dei same utbyggingsområda i scenarioa, det handlar meir om rekkefølge på utbygginga og med dette kva innhald bygningane skal ha. Vurdering av påverknad og konsekvens vert dermed berre gjort for løysinga i det endelege planforslaget.

	<i>Status/ kommentar</i>	<i>Utgreiingsmetode:</i>
Kulturminne og kulturmiljø	Strandstaden Sunde har klare kulturminneverdiar. Registrering av desse og konsekvensen tiltaket vil få for kulturminne og kulturmiljø må utgreiast.	<ul style="list-style-type: none"> • Registrering, verdisetting og vurdering av tiltaket si påverknad og konsekvens. Arbeidet vert basert på Riksantikvarens Handbok for registrering samt Vegvesenets handbok for konsekvensutgreiingar (V712).
Landskap	Ny utbygging kan påverke både det naturlege landskapet og det bygde landskapet. Konsekvensen tiltaket vil få for landskapet må utgreiast.	<ul style="list-style-type: none"> • Registrering, verdisetting og vurdering av tiltaket si påverknad og konsekvens. Arbeidet vert basert på Vegvesenets handbok for konsekvensutgreiingar (V712).
Naturmangfald	Basert på kjent kunnskap er det i hovudsak tiltak i sjø som eventuelt kan påverke naturmangfaldet. Konsekvensen tiltaket vil få for naturmangfaldet må utgreiast.	<ul style="list-style-type: none"> • Registrering, verdisetting og vurdering av tiltaket si påverknad og konsekvens. Arbeidet vert basert på Vegvesenets handbok for konsekvensutgreiingar (V712). Det vil og bli gjort ei vurdering etter naturmangfaldlova. <p>Vurderinga vil basere seg på kjent kunnskap. Det er i hovudsak tiltak i sjø som kan påverke naturmangfaldet. Sjøareala i området er allereie undersøkt, jf. funn av ålegrassamfunn og gyteområde for torsk. Ved Vikingfjord er området dessutan allereie påverka av utfylling og akvakulturanlegg slik at det er lite sannsynleg at ein finn noko her. Tiltaka som er skildra i kap 8 (utfylling og evt utviding av båthamn) vil difor ikkje krevje nye undersøkingar av naturmangfaldsverdiar i sjø.</p>
Naturressursar	Om tiltaket råkar/ påverkar fiskeri-interessene og gyteområdet for torsk må utgreiast.	<ul style="list-style-type: none"> • Registrering, verdisetting og vurdering av tiltaket si påverknad og konsekvens. Arbeidet vert basert på Vegvesenets handbok for konsekvensutgreiingar (V712). <p>Vurderinga vil basere seg på kjent kunnskap.</p>

Risiko og sårbaranalyse

For reguleringsplanar skal det alltid utarbeidast ROS-analyse. Analysen har som føremål å gje ei overordna, representativ og beslutningsrelevant framstilling av risiko for tap av verdiar med omsyn til liv og helse, ytre miljø og materielle verdiar. Analysen skal inngå som ein del av grunnlaget for å utarbeide og godkjenne reguleringsplanen.

ROS-analysen er kvalitativ, baserast på tilgjengeleg informasjon og gjennomførast i tråd med DBS si rettleiing Samfunnssikkerhet i arealplanlegging og hovudprinsippa i NS 5814:2008 Krav til risikoanalyser samt Kvinnherad kommune sine akseptkriterier.

Etter plan- og bygningslova § 4.3 skal analysen vise alle risiko- og sårbarheitstilhøve som har vekt for om arealet er egna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike tilhøve som følge av planlagt utbygging.

ROS-analyse omfattar følgande trinn:

- Fareidentifikasjon - kartlegging av mogelege uønska hendingar.
- Sårbaranalyse basert på innleiande fareidentifikasjon
- Definere representativt og avgjerdrelevant utvalg uønska hendingar som vert underlagt ei meir detaljert risikovurdering på bakgrunn av sårbarvurderinga.
- Evaluering av risiko.
- Identifikasjon av behov for risikoreduserande tiltak.

Støyrapport

Metode:

- Utføre støyberekningar for en referansesituasjon (0-alternativ) og framtidig situasjon ihht planforslaget. Berekningane utførast etter Nordisk berekningsmetode for vegtrafikkstøy og i tråd med Miljøverndepartementets retningsline for støy i arealplanlegging, T-1442. Berekna støynivå vurderast opp mot gjeldande grenseverdiar (gitt i T-1442).
- Overordna vurdering av behov for støyskjermingstiltak langs veg
- Føresetnadene for berekninga og resultat summerast opp i ein støyrapport. Rapporten vil gje innspel til kva bygg som er sårbar for støy ikkje bør oppførast og kva tiltak som eventuelt trengs for å tilfredsstille støyforhold ved nye og eksisterande støykjenslevare bygg og uterom.

Behov for andre utgreiingar

I samråd med geolog vil det vurderast om det er behov for skredrapport på Sunde. Havnivåstigning/stormflo er og eit ROS-tema det må sjåast nærare på, men det er ikkje vurdert behov for eigen rapport om dette.

Det vil bli vurdert undervegs i planarbeidet om det er behov for geotekniske vurderingar knytt til utfylling i sjø.

11 Framdriftsplan og medverknad


Illustrasjonen til høgre viser stega i planprosessen.

Fase 1 er gjennomført. Det har vore meldt oppstart av planarbeidet og planprogrammet har vore på høyring. Alle råka offentlege organ og andre interesserte vart varsla. I tillegg har oppstarten vore varsla i Kvinnheringen. Det har og vore etablert ei digital kartløyising der innbyggjarane og andre råka kunne legge inn eigne forslag til arealbruk/innspel/behov.

Etter at høyringsfristen no er ute er planprogrammet blitt revidert. Planprogrammet skal no handsamast og fastsettast.

Parallelt med dette vil Norconsult, i samarbeid med kommunen, utarbeide ein moglegheitsstudie (jf. fase 2) der vi ser på scenario vist i kap. 8 i dette planprogrammet. Moglegheitsstudien vil vere basis for den vidare utforming av områdereguleringa.

Etter denne fasen vert det gjennomført eit opplegg med medverknad frå ålmenta/innbyggjarane i Sunde der dei kan kome med synspunkt på idear/ forslag til løysingar som kjem fram i moglegheitsstudien. Moglegheitsstudien vert og drøfta med referansegruppa. Grunneigarar/ utbyggjarar som har engasjert eigne plankonsulentar for utarbeiding av detaljplanar innanfor områdereguleringa vert kontakta for å få fram opplysningar, synspunkt og materiell som har relevans for planutforminga.



nytt møte med referansegruppa for å få råd om, og synspunkt på planskissa/ plangrepet. Planskissa/ plangrepet vil dessutan bli tatt opp i regionalt planforum, som er eit forum der kommunane kan drøfte aktuelle plansaker med fylkeskommunen, Fylkesmannen og sektormynde.

Når plangrepet er avklart byrjar fase 4 der dei endelege plandokumenta, inkludert konsekvensutgreiing, vert utarbeida. Planforslaget vil, etter handsaming i kommunen, bli lagt ut til offentleg ettersyn. Under det offentlege ettersynet vil det bli halde ein kontordag der ålmenta/ innbyggjarane kan stille spørsmål og få informasjon. Alle som ynskjer det vil, under det offentlege ettersynet, kunne sende inn synspunkt på det framlagte planforslaget til kommunen. Den digitale kartløyisinga vil også då kunne nyttast.

Planforslaget vil så ev. reviderast, jf. fase 5, før det vert tatt opp til endeleg handsaming i kommunestyret.

Omtrentleg framdrift vil kunne vere som følgjer:

	Tidsrom
Moglegheitsstudie og registreringsfase	September/ okt/ nov/des 2020
Medverknad frå ålmenta, møte med referansegruppa, møte med utbyggjarar/ andre plankonsulentar	Des 2020
Planskisse og utteikning av konkrete forslag for nokre tema/ område	Jan 2021
Møter med vegmynde, berørte grunneigarar, referansegruppa, planforum	Feb 2021
Utarbeiding av plandokument	Mars/ april/ mai 2021
1.gangs handsaming av planforslaget med konsekvensutgreiing	Juni/ aug 2021
Offentleg ettersyn med kontordag	Sept/ okt 2021
Revidering av planforslaget	Nov 2021
Handsaming og vedtak	Des/ jan/ feb 2021/2022